

Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

SØKNADSSKJEMA 2018

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til mindre fysiske trafikkisikringstiltak i kommunane – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2016/2735"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltak

Fortau og heva overgang i Lonsvegen

Søkjjar (kommune)

Navn: Lindås kommune

Adresse: Kvernhusmyrane 41

Postnr./stad: 5914 ISDALSTØ

Org.nr.:

Kontonr.: 3201.05.89311

Prosjektnr.: 32300-505-3340-70130-T551

Ressursnr.:

Administrativ kontaktperson hjå søkjjar

Navn: Irene Wilhelmsen

Telefon: 56 37 54 98

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no

Mobil: 994 66 658

Type tiltak	Kostnad	Søknadsbeløp	Ansvarsomr./vegeigar	Planavklaring	Forankring i plan	Område	Framdrift	Eigenandel
Kven er tiltaket retta inn mot? - Mjuge trafikantar	Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva). NOK 250.000,-	Det kan søkjast om inntil 70 pst av tiltaket sin totale kostnad. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.) NOK 175.000,-	På kva ansvarsområde ligg tiltaket? - Kommunalt	Dersom tiltaket krev reguleringsplan, skal denne ligge ved på søknadstidspunktet. Krev tiltaket reguleringsplan? NEI Ligg det føre godkjent reguleringsplan? JA	Er tiltaket forankra i gjeldane kommunale trafikkisikringsplan? Oppgjev sidetalet. - Nei -	I kva område ligg tiltaket? - Langs skuleveg - Tettbygd strok - Sentralt i kommunesenteret	Når kan tiltaket starta opp? 02.01.2018 Når skal tiltaket vere ferdig? 01.05.2018	Eigenandelen på 30 pst skal være avklart. Er den: - Budsjettert

Omtale av tiltaket

Type tiltak, teknisk spesifikasjon, namn og spesifisering av stad. Melding om planavklaring. Melding om tiltaket må grunnervast, byggeplan, evt anbod eller kan gjennomførast med det same.

Vedlegg: Oversiktskart (eksempelvis M=1:50.000). Situasjonsskart/detaljar.

I starten av Lonsvegen er det planlagt å byggje forlengelse av eit fortau med rundt 50m. Dette vert gjort for å sikre samanheng mellom gangvegssystemet langs E-39 og den kommunale vegen. Det skal etablerast redusert fartsgrense på 40km/t gjennom heile vegen og byggjast heva gangfelt med intensivert belysning for å sikre kryssinga (sjå vedlagt situasjonsskart).

Vegen er tilkomstveg til ny barneskule (ferdig haust 2019), 2 barnehagar, bustadfelt/blokker og planar om utviding til 1500 nye bustader. Her er store idrettsanlegg, kyrkje og Kyrkjegard, i tillegg til eit stort friluftsområde med tilrettelagte løyper for alle grupper. Plasseringa av den heva overgangen er ved den mest naturlege kryssinga for skuleelevar frå nord. Det vil og verter hovudkryssinga for gange mellom kyrkja og gravplassen. (Spor i skillet mellom veg og gangveg viser at denne plassen vert hyppig nytta til kryssing.)

Trafikkteljing og fartsmåling vart utført på staden i desember 2016. Målaren stod i 14 dagar (12 heile døgn), ÅDT var 1430 og 85%-fraktilen vart målt til 50 km/t.

For å hindre parkering langs gangveg ved idrettsbana, vil kommunen etablere ei betongpløse for å hindre bilar i gangvegen og kryssing av «rabatt» mellom veg og gangveg.

Begge tiltaka er med på å gjere Lonsvegen, ein av dei mest trafikkerte kommunale vegane i Lindås kommune, meir sikker for mjuke trafikkantar.

Avtale om gunnerverv er avklara med styret i sameiget og det vert matrikkelført etter oppmålingsforretning.

Dispensasjon frå reguleringsplan er godkjent av byggesak.

Arbeidet er planlagt utført på rammeavtale med ulike entreprenørar.

Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: (2018-01-02)

Pårekna avslutta: (2018-05-01)

Kan gjennomførast omgåande

Må lagast anbod

Må lagast byggeplan

Må ervervast grunn

Må regulerast

Vedlegg: *Skisse til framdriftsplan*

Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

Total kostnad for tiltaket: **NOK 250.000,-**

Eigenfinansiering (min 30 pst): **NOK 75.000,-**

Søknadsbeløp (inntil 70 pst av tiltaket sin totale kostnad): **NOK 175.000,-**

Eigenandelen er:

Budsjettert

Vedtak ligg føre

Ikkje avklart

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrev.

01.01.18

Irene N. Wilhelmsen

Dato/stad

Underskrift ansvarleg søkjar

